

SAMMEN
OM



Miljøloftet

NOTAT

Vedlegg nr. 5

Til: Styringsgruppa
Fra: VLFK v/Dina Lefdal, avdelingsdirektør Infrastruktur og veg
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
[Fyll inn] / [Fyll inn]
Vår dato: 30.01.2023

Sak 37/23 Bypakke Bergen - bruken av bompengar i 2023

Bakgrunn

I vedteke handlingsprogram 2023-2026 for prosjekter i Bypakke Bergen er det lagt opp til finansiering med bompengar i 2023 til Hjeltestadvegen MNOK 7,2, Bybanen til Fyllingsdalen byggesteg 4 MNOK 166,6, planlegging av bybanen byggesteg 5 frå Bergen sentrum til Åsane MNOK 6,2. Status for 2023 avviker fra hva som er signalisert i handlingsprogrammet. Dette notatet gir status for prognostisert bruk av bompenger i 2023.

Overordna status

Prognosane for samla bompenguttak i 2023 syner at det er knytt usikkerheit til fleire prosjekt som har finansiering med bompengar som Hjeltestadvegen, planlegging av Bybanen byggesteg 5 Bergen sentrum til Åsane, Bybanen byggesteg 4 til Fyllingsdalen og førebuande arbeider Bybanen byggesteg 5. Usikkerheten er pt. knytt til både tidspunkt for rekvirering og til omfang av kostnader.

I høve garantibeløp på 6,1 mrd er det viktig for fylkeskommunen som garantist at den samla bompenggjelda i Bypakke Bergen ikkje aukar for mykje. Rekvirering går etter framdrift på tiltaka (rekneskapen), samt i høve til tilgjengelege bompenginntekter, balansert mot garantibeløp for bompengepakken. Fylkeskommunen balanserer uttaket av bompenger i samråd med Ferde AS.

Ferde AS oppgjer at gjelden i Bypakke Bergen pr. 31.12.2022 var kr 5,65 mrd. og at det kan medregnast ein netto inntekt på 0,8 mrd i året. (Det er netto inntekten som vert lagt til grunn for rekvirering).

Oppdaterte prognoser for det enkelte prosjekt vil inkluderast i den økonomiske rapporteringa i løpet av året. Prognosane i løpet av året kan påverke uttaket av bompengar i høve til det som ligger i gjeldande plan. VlFK har 3 mnd. varslingsfrist til Ferde for eventuelle justeringar av planen.

Plan for uttak av bompengar for perioden:

Prosjekt	2023 (beløp mill.kr)	2024 (beløp mill.kr)	2025 (beløp mill.kr)
Venta uttak av bompengar	730	251	0
Hjellestadvegen			
Planlegging Bybanen byggesteg 5 Bergen sentrum til Åsane			
Bybanen byggesteg 4 til Fyllingsdalen			
Forberedande arbeider Bybanen byggesteg 5			

Tabellen over er det merka av gule felt på åra 2024 og 2025. Felta synar at det kan kome behov for rekvirering av bompengar, men at det ein ikkje veit om det er aktuelt pr i dag. Grøne felt indikerer behov for rekvirering av bompengar og inngår i samla sum.

Nærmare om det einskilde tiltak:

Hjellestadvegen: Etter at handlingsprogrammet 2023-2026 vart vedteke har styringsgruppa gitt løyve til å lyse ut slutføring av Hjellestadvegen. Tiltaket finansierast med bompengar og planlagd framdrift på slutføringa tilseier eit uttak på bompengar på omlag 50 mill.kr i 2023.

Prioriteringsrådet/ styringsgruppa er kjent med at det over lang tid har pågått dialog med tidlegare entreprenør for å finne løysning på framdriftsutfordringane. Det er pt. ikkje avklart når endeleg utfall av pågåande tvist vil ligge føre. Foreløpig er det antyda avklaringar tidlegast hausten 2024. Av omsyn til komande prosess ønskjer ikkje fylkeskommunen å antyde noe konkret utfall, men avstanden mellom partene i sluttoppgjeret er stor. Utfallet av dette vil ha innverknad på handlingsrommet knytt til bompengar.

Planlegging av Bybanen byggesteg 5 frå Bergen sentrum til Åsane har vore til offentleg ettersyn og er venta vedteken av Bystyret i mai 2023. Det er venta snarleg oppdatert prognose frå Bergen kommune. Nivået for uttak av bompengar i 2023 vert uavhengig av denne høgare enn det som er lagt inn i Handlingsprogrammet for 2023. Restramme for fakturering til vlfk innanfor gjeldende ramme, er pt vel 20 mill kr. Dette heng saman med forskyving av uttak av finansiering i 2022.

Bybanen til Fyllingsdalen byggesteg 4 vert finansiert med bompengar og statlege midlar post 63. Avrekning knytt til finansieringskjeldene vert teke etter faktisk bygg og anleggsindeks for veganlegg – veg i alt. Denne avrekninga vert føreteke når tiltaket er gjort opp økonomisk. Dersom avrekninga vert gjennomført i 2023, er det usikkert når staten løyver restfinansieringa knytt til styringsramma P50 av 50/50 prosjektet. Det er difor vanskeleg å sei noko om nivået på bompengar knytt til dette prosjektet i 2023, da tiltaket pr no ikkje er økonomisk oppgjort. Bruk av midlar knytt til post 66 - reduserte bompengar (10 mill.kr i 2023 – periode fram til 1 mars) går til å redusere uttaket av bompengar knytt til dette tiltaket i 2023.

Førebuande arbeid til Bybanen byggetrinn 5: Utover det som er nemnd over har styringsgruppa i Bypakke Bergen sak 89/2022 gitt samtykke i å nytte bompengar til førebuande arbeid til Bybanen byggetrinn 5. I saka står det at bompengane vert nytta til planlegging, prosjektering og grunnerverv for Bybanen BT5 til Åsane. Det kan nyttast inntil 102 mill. i 2023 og inntil 251 mill. i 2024. Desse løyvingane er ikkje med i vedteke Handlingsprogram 2023-2026.

Dersom andre avgjersler knytt til bruk av bompengar kjem opp i løpet av 2023 vil desse kome i tillegg til det som er skissert i denne saka.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa tar saka til orientering.